



Nynorsk kultursentrum

Vedtaksprotokoll styremøte del II

Ivar Aasen-tunet, Ørsta

tysdag 20. mars 2012 kl. 12.45–16.30

Til stades

Reidar Sandal (leiar), Georg Arnestad, Reza Rezaee (videolinje Oslo), Grete Riise, Jon Østbø (videolinje Oslo), Åshild Widerøe, Gaute Øvereng (synfaring sak 24/2012), Ottar Grepstad (sekretær)

Forfall

Sigrun Høgetveit Berg, Bente LaForce, Wegard Harsvik

Sakliste

Konstituering

- 17/2012 Innkalling og sakliste
- 18/2012 Val av leiar og nestleiar

Saker til orientering

- 19/2012 Referatsaker
- 20/2012 Orienteringssaker
- 21/2012 Personalsaker

Vedtakssaker

- 22/2012 Språkåret 2013: oppfølging
- 23/2012 Søknader om offentlege tilskot 2013
- 24/2012 Ombygging av Galleriet i Ivar Aasen-tunet
- 25/2012 Samlings- og dokumentasjonsplan nr. 3 2013–2015
- 26/2012 Allkunne
- 27/2012 Høyringsfråsegn om språk- og litteraturpolitikk i bokbransjen
- 28/2012 Oppnemningar styre, råd og utval
- 29/2012 Årets nynorskbrukar 2012
- 30/2012 Institusjonsnamn på framandspråk

Saker til drøfting

31/2012	Sommarsesongen 2012
32/2012	Lurivar-dataspel
33/2012	Kulturpolitikk etter 2014

Styret hadde ei synfaring i Galleriet før møtet tok til.

Konstituering

17/2012 Innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjend.

18/2012 Val av leiar og nestleiar

Vedtak (samrøystes)

1. Reidar Sandal er attvald til styreleiar 2012–2013.
2. Sigrun Høgetveit Berg er attvald som nestleiar 2012–2013.

Saker til orientering

19/2012 Referatsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

20/2012 Orienteringssaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

21/2012 Personalsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

Vedtaksaker

22/2012 Språkåret 2013: oppfølging

Vedtak

Språkåret blir fast sak på alle styremøta til og med våren 2014. I første omgang prioriterer styret tiltak for andre språk enn nynorsk, kommunikasjonsstrategi og økonomi.

23/2012 Søknader om offentlege tilskot 2013

Vedtak

På grunnlag av drøftinga i styret får styreleiar fullmakt til å slutføre søknader om offentlege tilskot for 2013 saman med direktøren.

24/2012 Ombygging av Galleriet i Ivar Aasen-tunet

Vedtak

Styret vurderer prosjektplan og byggjebudsjett for Galleriet på telefonmøte tysdag 24.4. kl. 14.00.

25/2012 Samlings- og dokumentasjonsplan nr. 3 2012–2014

Vedtak

Styret bed administrasjonen ta synspunkta frå drøftinga med i sluttarbeidet med planen, som blir lagd fram for godkjenning i styret på neste møte.

26/2012 Allkunne

Vedtak

1. Styret bed om vidare avklaring av to alternativ for Allkunne, vidare drift på sjølvstendig grunnlag og samarbeid med Norsk Nettleksikon, og tek endeleg stilling på møte 6.6.

2. Styret ønskjer at begge eigarane er representerte på møte med Kulturdepartementet om grunnlaget for vidare driftstilskot frå staten.
3. Etter møtet med departementet presiserer styret kva spørsmål som særleg bør vurderast før avgjerda i juni.

27/2012 Høyringsfråsegn om språk- og litteraturpolitikk i bokbransjen

Vedtak

Direktøren slutfører høyringsfråsegna på grunnlag av drøftinga i styret.

28/2012 Oppnemningar styre, råd og utval

Vedtak

Georg Arnestad er oppnemnd som representant i fagrådet for Ivar Aasen-instituttet 2012–2013.

29/2012 Årets nynorskbrukar 2012

Vedtak

1. Prisen *Årets nynorskbrukar 2012* går til *Ingvild Bryn* og *Arill Riise* for utsøkt språkrøkt og framifrå bruk av normert nynorsk i moderne nyheitsjournalistikk i radio og fjernsyn.
2. Kvar av prisvinnarane får 40 000 kroner, eit grafisk trykk av Arne Nøst og eit diplom. Prisen blir delt ut under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 28. juni 2012. Som ein del av prissummen tek prisvinnarane del i arrangementet "Prisvinnarens time" under Dei nynorske festspela 2012.
3. Prisvinnaren og grunngevinga blir etter planen offentleggjord måndag 26. mars.

30/2012 Institusjonsnamn på framandspråk

Vedtak

1. Den engelske nemninga på institusjonen er *Centre for Norwegian Language and Literature* og blir brukt saman med hovudlogoen.
2. Driftsavdelingane bruker nemningane *Ivar Aasen Centre* og *Olav H. Hauge Centre* saman med sine respektive logoar.
3. Dei nynorske festspela bruker nemninga *Norwegian Festival of Language and Arts* saman med festspellogoen.

Saker til drøfting

31/2012 Sommarsesongen 2012

Vedtak

Styret bed administrasjonen ta synspunkta frå drøftinga med i det vidare arbeidet med sommarsesongane i 2012 og 2013.

32/2012 Lurivar-dataspel

Vedtak

Styret bed administrasjonen arbeide vidare med prosjektet.

33/2012 Kulturpolitikk etter 2014

Vedtak

1. Styret bed administrasjonen ta synspunkta frå drøftinga med i slutføringa av notatet til Engerutvalet.
2. Nynorsk kultursentrum inviterer utvalsleiar Anne Enger med utvalssekretær til styreseminaret i Oslo i juni.

Godkjend protokoll

Protokollen frå styremøte 20. mars 2012 er godkjend i møte 5. juni 2012.

Reidar Sandal

Georg Arnestad

Grete Riise

Jon Østbø

Åshild Widerøe

Reza Rezaee

Ottar Grepstad